

Barnehagar i krysspress

Det blir stilt store, og dels motstridande, krav til barnehagane. Forrige veke samla nær 500 barnehagefolk seg i Ålesund for å drøfte dette krysspresset.

Barnehagelærarane står i eit krysspress frå ulike kantar, med motiv og ønskjer som ikkje alltid let seg foreine. Offentlege planar, politikarar, myndigheiter og foreldre meiner gjerne noko om kva barnehagane kan og bør arbeide med. Dette krysspresset var det overordna temaet på Barnehagekonferansen 2019, som vart arrangert i Ålesund 31.09-01.10. Konferansen er eit årlege samarbeid mellom Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Høgskulen i Volda og Utdanningsforbundet Møre og Romsdal, og vart denne gongen arrangert for 17.året på rad.

Kva er «tidleg innsats»?

«Tidleg innsats i utdanningspolitikken – motiver, mål og motsetningar» var tittelen på eit av foredraga torsdag. Jon Kaurel, seniorrådgjevar i Utdanningsforbundet, meinte det er grunn til å stille spørsmål ved kva som eigentleg meinast med «tidleg innsats».

- Heil sidan omgrepet var lansert i ei stortingsmelding i 2006, har «tidleg innsats» vore svaret på mange utfordringar i barnehage og skule. Men kva betyr det egentlig? I nokre samanhengar, mellom anna i offentlege styringsdokument, kan det sjå ut som om barn blir møtt, sett og forstått som eit potensielt problem. Eit problem som vi kan kurere med «tidleg innsats». Dette har nokre etiske sider som det er stor grunn til å diskutere.
- Og når nokre snakkar om at ein 2-åring heng etter når det gjeld mateatiske ferdigheiter, då er på tide å stille spørsmål om kor tidleg «tidleg innsats» begynne, sa Kaurel.

Barnehagelærer i eit spenningsfelt

Gerd Sylvi Steinnes, førsteamanuensis ved Høgskulen i Volda, og Marit Bøe, førsteamanuensis ved Universitetet i Sørøst-Norge, sat begge i ekspertgruppa som i 2018 leverte ein rapport om barnehagelærarrolla, på bestilling frå Kunnskapsdepartementet. På barnehagekonferansen la dei fram nokre av funna frå studiane knytt til rapporten.

- Ei overordna utfordring for barnehagelæraren er å handtere og manøvrere innafør grunnleggjande spenningar og å treffe gode val til beste for barna sin trivsel og allsidige utvikling. Det vil seie at barnehagelæraren må gjere profesjonelle vurderingar av kva som er viktig i bestemte situasjonar, og kvifor det er viktig. God profesjonsutøving vil vere å manøvrere i ei rekkje spenningar.
- Dette er ei krevjande rolle, men som barnehagelærarane jamt over taklar på ein utmerkt måte, sa Bøe og Steinnes.

Kritisk tenking

Tove Lafton, førsteamanuensis ved OsloMet, gav eit oversyn over nokre av dei mange pedagogiske linjeskifta som barnehagen har vore utsett for opp gjennom åra, og drøfta korleis barnehagelærarane kan manøvrere i dette feltet.

- Kritisk tenking, forstått som undring og refleksjon over eigen praksis, er heilt avgjerande. «Kva slags barnehage vil vi ha?», er spørsmålet ein bør stille, og erfaring viser at det å stille spørsmål ved eigen kvardag og praksis ofte er det som gjev best utteljing når det gjeld kompetanseutvikling. Ikkje minst når barnehagen vert utsett for mange ønskjer og krav frå ulike hald, sa Tove Lafton.

For meir informasjon, kontakt rådgjevar hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Bodil Grindvik Uri på tlf 71 25 85 89 eller epost fmmrbour@fylkesmannen.no